

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201112146-12/500.T00/TORSAN

Dykkar ref.:

Bergen, 4. januar 2012

Organisering av skoleåret på tredje trinn studieførebuande utdanningsprogram

Vi viser til høringsbrev datert 2. november 2011.

Alle dei vidaregåande skolane i Hordaland har vore inviterte til å gi sine uttalar. Ni skolar svarte, og etter ei heilskapleg vurdering meiner Hordaland fylkeskommune at modell 1 vil vere det beste alternativet.

Med atterhald om politisk handsaming, støttar Hordaland fylkeskommune **modell 1** i forslaget om organisering av skoleåret.

Hordaland fylkeskommune har elles følgjande merknadar til høringsbrevet:

- Ordninga bør gjelde for alle elevar på Vg3 studieførebuande utdanningsprogram, ikkje berre studiespesialiserande. Då blir det mogleg for Vg3-elevar på dei andre studieførebuande utdanningsprogramma å velje programfag frå studiespesialiserande løp.
- Ordninga bør òg gjelde for Vg1 og Vg2 på studieførebuande utdanningsprogram. Dette vil gjere det lettare å organisere opplæringa ettersom lærarane underviser på ulike årssteg og utdanningsprogram. Det vil òg frigjere lærarressursar til sensurering.
- På grunn av utfordringar med samordning av skoleskyss for elevar i grunnskole og vidaregåande skole, og timeplanlegging, er det for tidleg å innføre ordninga frå hausten 2012. Ordninga bør innførast frå hausten 2013.

Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Inger Øvsthus Tønder
opplæringsdirektør